



Advokatfirmaet Harris  
Postboks 4115 Sandviken  
5835 BERGEN

Dato: 27.03.2015  
Vår ref.: 2014/23101-22  
Saksbehandlar: sigbjer  
Dykkar ref.:

## **Reguleringsplan for Bergenhus - Møllendal øst - gnr 163 bnr 20 m.fl. - Bergen kommune - Motsegn til ny vurdering**

Vi viser til brev datert 03.11.2014 om ny handsaming av Reguleringsplan for Bergenhus - Møllendal øst - gnr 163 bnr 20 m.fl. Kultur- og ressursutvalet handsama saka i møtet 19.03.2015 og gjorde følgjande vedtak.

- 1. Kultur- og ressursutvalet har vurdert forslag til reguleringsplan for Møllendal Øst gnr 163-20, Alternativ 1, på nytt, på bakgrunn av brev frå Advokatfirmaet Harris, og i lys av oppdatert informasjon.*
- 2. Kultur- og ressursutvalet meiner forslag til utbygging med høghus er i strid med overordna plan og er uheldig for god senterutvikling. Kultur- og ressursutvalet opprettheld motsegn til reguleringsplanen på grunn av konflikt med heilhetleg og god senterutvikling.*

I denne saka var det også gjeve fagleg tilråding om motsegn grunna konflikt med nasjonale kulturminneinteresser. Kultur- og ressursutvalet vedtok ikkje denne motsegna. Hordaland fylkeskommune sender dermed saka til Riksantikvaren for vidare handsaming som kulturminnestyresmakt. ( jf. Forskrift til kulturminnelova kap.1, § 3 ).

Sigrid Næsheim Bjercke  
saksbehandlar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg: Fylkesrådmannens saksframlegg

Kopi til:

Byrådsavdeling for byutvikling, klima og miljø

Fylkesmannen i Hordaland

Hartveit Eiendom AS

Statsbygg

**Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 19.03.2015**

Svein Halleraker er medeigar i arkitektfirma i saka, og gjekk ut som ugild jfr. forvaltningslova §6 (..andre særegne forhold..).

Det var 12 representantar til stades.

**Anita G. Johannessen** (Frp) sette fram slikt forslag på vegner av H og Frp:

«Pkt. 1 som før

Pkt. 2: Tiltaket er i tråd med regionale og statlege føringar om å bygge høgare hus og tettare i sentrumsområde. Etter ei samla vurdering av saka fin kultur- og ressursutvalet å kunne trekkja motsegna knytt til overordna plan, sentrumsutvikling og kulturminneinteresser.

Pkt. 3 går ut»

**Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 1 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag til pkt. 2 vart vedteke med 6 røyster (med utvalsleiar si røyst) mot

Johannessen sitt forslag som fekk 6 røyster (H, Frp og Inger Johanne Seim).

Johannessen sitt forslag til pkt.3 vart vedteke med med 7 røyster (H, Frp, V og Inger Johanne Seim) mot fylkesrådmannen sitt forslag som fall.

**Vedtak**

1. Kultur- og resursutvalet har vurdert forslag til reguleringsplan for Møllendal Øst gnr 163-20, Alternativ 1, på nytt, på bakgrunn av brev frå Advokatfirmaet Harris, og i lys av oppdatert informasjon.
2. Kultur- og ressursutvalet meiner forslag til utbygging med høgghus er i strid med overordna plan og er uheldig for god senterutvikling. Kultur- og ressursutvalet opprettheld motsegn til reguleringsplanen på grunn av konflikt med heilhetleg og god senterutvikling.